



Signe A. Gullestad Haaland
Olav Kyrres gate 3
0273 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1582 - 14/7090

Saksbehandlar:
Liv Berit Ones
liv.berit.ones@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2014

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr. 141/5 - Kvamme Nedre.

Viser til innkalling til oppmålingsforretning 03.10.2013 vedr frådelling av ein parsell frå gnr. 143, bnr. 1.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser. Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg. Ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, data frå jordskifte, vegvesen og gamle skylddelingar og utskiftningskart. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytte til utbyggingsføremål og andre ting.

I samband med oppmålingsforretning 03.10.2013 viste det seg at grenselinja mot Dykkar eigedom gnr. 141, bnr. 5 ikkje var rett på kartet. Sjå vedlegg 1. Etter oppmålingsforretninga er denne grenselinja retta opp i kartet i samsvar med oppsatt gjerde. Sjå vedlegg 2 og 3.

Som tilstøytande nabo vert De varsla om denne endringa som er føreteken i Matrikkelen.

Dersom dette ikkje stemmer med Dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber vi Dykk snarast sende tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing

Tommy Veland
fagleiar

Liv Berit Ones
avd.ingeniør



Mottakarar:

Signe A. Gullestad Haaland

Olav Kyrres gate 3 0273

OSLO